



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Deres referanse	Vår referanse	Saksbehandler	Dato
	23/00372-5	Kenneth Bergstad	31.03.2023

Høringsnotat – Offentleg høyring - Forslag til endring av vedtektene for SFO- ordningane i Surnadal frå 01.08.23

Innleiing:

I samband med implementering av ny rammeplan for skulefritidsordningane (SFO) frå hausten 2021, og ordninga med gratis kjernetid i SFO for førsteklassingane frå hausten 2022, ser vi at det er eit behov for å sjå på vedtektene vi har i kommunen. Frå hausten 2023 vert det truleg også innført gratis kjernetid for andre klasse.


Vedtektene for SFO i Surnadal vart sist revidert den 16.12.21.

Vedtektene er ei lokal forskrift, og dersom noko skal endrast, skal forslaget som hovudregel leggest ut på høyring, jf. Forvaltningslova §37.

Hovudutval for oppvekst har behandla saka i møte 17.03.2023 som sak 8/23

Følgende vedtak vart fatta:

Forslag til endring av vedtektene for SFO- ordningane i Surnadal frå 01.08.23, vert lagt ut til offentleg høyring. I tillegg vert forslaget sendt til foreldras arbeidsutval(FAU), skulane sitt skulemiljø - og samarbeidsutval(SSU), tillitsvalde og verneombod ved skulane i kommunen. Fristen for høyringa er 21.05.23.



Postadresse
Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL
E-post
post@surnadal.kommune.no

Besøksadresse
Bårdshaugvegen1
<https://www.surnadal.kommune.no>

Telefon
+47 71 65 58 00

Org.nr
964 981 892
Bank
4202 38 40000

Målgruppe:

I tillegg målgruppa som nevnes i innleiinga vil forslaget bli lagt ut på heimesida til kommunen.

Informasjon kring høyringa:

Rektor /einingsleiar ved dei enkelte skulane sørgjer for at det vert kalla inn til møte i dei utvala som er nemnt i innleiinga og at medlemmane får saka med vedlegg utsendt på førehand.

I vedlegg 1 finn de gjeldande vedtekter frå 16.12.21.

Nederst i dette dokumentet står eit forslag til endring av vedtektene. Desse endringane er gjort på bakgrunn av innspel frå SFO-leiarane og barnehage- og skuleleiarne. Forslag til endring av tekst/ny tekst står i kursiv med raud skrift og tekst som er foreslått endra/skal bort er merka med overstryking.

Ein ber om skriftleg tilbakemelding frå utvala det gjeld. Andre som ønskjer det, kan også kome med uttale.

Fristen for høyringa er **21.05.23**.

Gjeldande vedtekter med forslag til endringar i utheva raud skrift:

1. EIGAR

Kommunen eig dei kommunale skulefritidsordningane.

2. STYRINGSORGAN

Skulefritidsordningane er politisk og administrativt lagt til kommunalsjefen / OPP.

Skulefritidsordningane skal drivast i samsvar med lov, forskrifter og vedtektene.

Samarbeidsutvalet et styre for kvar skulefritidsordning. Skulefritidsordninga er til vanleg lagt til ein grunnskule/oppvekstsenter. I dei krinsane det ligg til rette for det, kan tilbodet bli gjeve heilt eller delvis gjennom barnehagen, men i nært samarbeid med skulen.

3. NAMN

Kvar skulefritidsordning skal ha namn med "eininga + skulefritidsordning"

4. FORMÅL/INNHALD

Formålet med skulefritidsordninga er å gi barn på 1. – 4. årstrinn og barn med funksjonshemmingar på 1. – 7. trinn eit trygt omsorgs- og fritidstilbod før og etter skulen si undervisningstid.

Skulefritidsordningane i Surnadal skal ha høg kvalitet på tilbodet *så høg opplevd kvalitet som råd innanfor gjeldande rammer*. Med utgangspunkt i barna sin alder, funksjonsnivå og interesser skal tilbodet vere prega av barna sitt behov for *leik*, omsorg, leik, aktivitetar og sosial læring. Det skal leggest til rette for eit rikare skulemiljø med god tilknytning til nærmiljøet. Det skal leggest til rette for at barna kan arbeide med lekser i SFO- tida. Ordensreglane for skulen gjeld også for SFO. Dette gjeld også kap. 9A om eit godt fysisk og psykososialt skulemiljø.

5. LEIING OG BEMANNING

Einingsleiar/rektor ved skulen har det pedagogiske og administrative ansvaret for SFO.

Ordningar med 60 barn eller fleire skal som hovudregel ha dagleg leiar i 100 % stilling. I dei mindre ordningane skal minimum 20 % av heil stilling avsetjast til leiing, jf. SFS 2201.

Ein vaksen kan ha ansvaret for inntil 15 barn. Bemanninga skal vere slik at det i gjennomsnitt er tilsett ein vaksen pr. 15 barn. Personalbehovet må og vurderast i kvart enkelt tilfelle i høve aldersamansetjing, opphaldstid og tal på barn med særlege behov. Personalet i skulefritidsordningane er lagt under same teieplikt som personalet i grunnskulen, og må ved tilsetting vise politiattest.

6. PÅMELDING/OPPTAK 6. PÅMELDING/OPPTAK/OPPSEIING

Påmelding til SFO skal sendast elektronisk på eige digitalt skjema *blir gjort i Visma føresettportalen*. Påmeldinga blir behandla administrativt av rektor/dagleg leiar. Påmeldinga er bindande inn til plassen blir sagt opp eller det blir sendt melding om endring.

Oppseiingsfristen er 1 måned frå den 1. i månaden etter oppseiingsdato. Dette inneber at det blir kravd full foreldrebetaling i den månaden oppseiinga blir motteken og den påfølgjande månaden, også i dei tilfella barnet sluttar før oppseiingstida er ute.

Oppseiing skal vere skriftleg på elektronisk skjema *blir gjort i Visma føresettportalen*. Desse reglane gjeld og ved oppseiing av delar av ein SFO- plass. Oppseiing av plass med verknad etter 1. april i SFO-året blir ikkje godteke. Dette inneber at for å sleppe å betale ut SFO-året må ein seie opp plassen før 1. mars.

7. OPNINGSTID

SFO-året for alle ordningane i kommunen går frå 01. august det eine året til 31. juli neste år. Dagleg opningstid på Øye *Surnadal barne- og ungdomsskule sin* SFO er mellom kl. 06.45 – 16.30. For dei andre SFO- ordningane i kommunen er normal opningstid mellom kl. 07.30 – 16.30, men det er mogelegheit for lokal tilpassing for opningstid etter behov. Alle SFO - ordningane i kommunen er opne heile året, med unntak av vekene 28, 29 og 30 i juli. For alle ordningane gjeld at det må vere minst 4-3 påmelde pr. dag for at det skal vere ope (i feriar og høgtider). Den daglege opningstida i skulestengte dagar kan justerast etter behovet til brukarane. Når skulen er stengt i haust – og vinterferie etc., er skulefritidsordninga å rekne som heildagstilbod med normalopningstid som elles. Påmelding til skulefrie dagar er bindande. For oppvekstsentra gjeld at det må vere 4-3 påmelde til saman frå barnehagen og skulen. Barna skal ha minst 4 veker ferie i kalenderåret, og 3 av vekene skal vere samanhengande i juli, veke 28, 29 og 30.

7.1 Opningstid i SFO når det er innført gult eller raudt beredskapsnivå på grunn av smittefare

7.1 Tiltak ved smittefare

☑ SFO på Surnadal barne- og ungdomsskule har opningstid frå kl 0645 til 1615

☑ Dei andre SFO-ordningane har ope frå kl 0730 til 1630

☑ På gult og raudt beredskapsnivå blir det ikkje tilbod om skulemåltid/skulekantine eller servering av mat i skulane. Skulekantinene blir stengt ved gult eller raudt nivå.

8. OPPSEIING Punkt 8 flytta/teke inn i punkt 6

Oppseiingsfristen er 1 måned frå den 1. i månaden etter oppseiingsdato. Dette inneber at det blir kravd full foreldrebetaling i den månaden oppseiinga blir motteken og den påfølgjande månaden, også i dei tilfella barnet sluttar før oppseiingstida er ute.

Oppseiing skal vere skriftleg på elektronisk skjema. Desse reglane gjeld og ved oppseiing av delar av ein SFO- plass. Oppseiing av plass med verknad etter 1. april i SFO-året blir ikkje godteke. Dette inneber at for å sleppe å betale ut SFO-året må ein seie opp plassen før 1. mars

Nytt punkt 8. FORELDREBETALING

Kommunestyret vedtek satsar og reglar for foreldrebetaling. Betalingsordninga som gjeld til ei kvar tid, gjeld for kalenderåret og blir vedlegg til vedtektene. Ved oppseiing av plass blir det kravd full betaling for den månaden oppseiinga blir motteken og den påfølgjande månaden. Berre langvarig sjukdom (over 1 måned) kan gje rett til å sleppe foreldrebetaling. Plassen går tapt etter 2 månader med manglande foreldrebetaling.

SFO – plassen faktureres 11 gonger i året. Det faktureres alltid for heile månader. Juli er betalingsfri måned.

Ein kan melde seg på SFO-plass som tilsvavar: under 6t/veke, 6 – 11,9t/veke, 12 – 17,9t/veke og 18t/veke og over.

Det er mogleg å søkje om redusert foreldrebetaling for SFO-plass. For å søkje om redusert foreldrebetaling må ein ha søkt og takka ja til ein SFO-plass.

Eigenbetalinga i SFO skal maksimalt utgjere 6 % av husholdninga si samla skattbare inntekt. For barn med særskilde behov på 5. – 7. trinn er SFO-plassen gratis etter søknad.

For 1.trinn er det 12 timar gratis kjernetid i SFO. Det er mogleg å berre melde seg på den vedtekne kjernetida, som er 1 time på morgonen før skulestart, og 1,5 time på ettermiddagen etter skuleslutt. Eventuell resterande SFO- tid blir rekna som økter på vanleg måte.

Dersom Stortingar vedtek det gratis kjernetid for 2.trinn, vil det vere same kjernetid som gjeld frå hausten 2023.

Nytt punkt 9. LEIKE OG OPPHALDSAREAL

Leike- og opphaldsarealet både ute og inne skal vere eigna for formålet. Innandørs skal arealet pr. barn vere minst 3,5 m². . For å sikre eit trygt utemiljø, er det forbode å køyre bil på skulen sitt område i SFO – tida. *Unntak frå forbodet kan bli gjeve etter særskild vurdering.*

Nytt punkt 10. SKULESKYSS

Foreldre/føresette må sjølve ordne skyss når opphaldet i skulefritidsordninga medfører at ordinær skuleskyss ikkje kan nyttast.

Med helsing

Kenneth Bergstad
Rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg:
Vedtekter for SFO frå 16.12.2021

Mottakere:

Sentraladministrasjonen, Tove Naterstad

Todalen og Stangvik oppvekstsenter, Laila Buskenes Aune

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter, Arne Henning Johnsen

UTDANNINGSFORBUNDET SURNADAL, Jan Terje Moen

Surnadal barne og ungdomsskule, Kåre Herrem

Surnadal barne og ungdomsskule, Karl Hampus Hoem